



Til
Vestland fylkeskommune
v/Utvalsleiar Stian Jean Opedal Davies
Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Deres ref:

Vår ref: NH

30.08.2021

Vedr. fylkeskommunal støtteordning til skianlegg

Viser til hyggeleg møte der saka om fylkeskommunal støtte til idrettslagseigde skianlegg som tilbyr lengre turløypenett til bruk for alle, uavhengig av tilknytning til idrettslaga vart drøfta.

Bakgrunn

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sidan tidleg på 90-talet gjeve årleg driftsstøtte til skianlegg i fylket. Det har vore ein fast sum på kr 200.000,- til fordeling mellom prioriterte anlegg i Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. Det har vore gjeve årleg støtte på kr 50.000,- pr. anlegg som driftsstøtte for preparering av anlegga vinterstid. For to av anlegga har det vore ei deling der summen på kr 50.000,- har vore delt med kr 25.000,- på kvar. Tilsaman fem anlegg i Sogn og Fjordane har motteke årleg støtte sidan 90-talet. Av dei fem er det eit reitt hoppanlegg, dei andre er skianlegg som tilbyr turløypenett.

Støtta har vore eit viktig bidrag for drifta av dei idrettslagseigde anlegga. I desse anlegga har idretten teke eit stort samfunnsansvar ved å tilby godt preparerte anlegg med turløyper som stimulerer til fysisk aktivitet og folkehelse også for dei mange som ikkje er direkte knytta til idrettslaga sin primæraktivitet i form av organisert trenings og konkurranseaktivitet.

Anlegga som har fått støtta har vore:

Langeland Skisenter, Førde kommune (no Sunnfjord kommune)

Ullsheim skianlegg, Stryn kommune

Sogn Skisenter, Luster kommune (støtte på kr 25.000,-)

Sogndal skisenter Hodlekve, Sogndal kommune (støtte på kr 25.000,-)

Bjørkelibakkane hoppanlegg, Stryn kommune

Ein føresetnad for at desse anlegga har fått fylkeskommunal støtte har vore at kommunen anlegget ligg i har gjeve tilsvarende driftsstøtte som fylkeskommunen. Det har medverka til at anlegga som har vore ein del av ordninga tilsaman har fått kr 400.000,- i årleg støtte, noko som har vore særdeles viktig for at desse anlegga skal kunne gje eit godt tilbod til ålmenta anten det er gode eller dårlege snøvintrar.

Det som skiljer skianlegg med turløyper som er opne for alle frå andre anleggstypar er at dei ikkje har anledning til å krevje betaling for bruk av turløypenettet i form av treningsavgift/brukarbetaling. Dette er heimla i allemannsretten i utmark som står sterkt.

Difor har anlegga innført ei frivilleg parkeringsavgift som gjev litt inntekter. Men desse inntektene skal også dekke kostnader med opparbeiding og drift av parkeringsflatene inkludert brøyting og vanleg vintervedlikehald. Drift av skianlegga og parkeringsflater er i hovedsak dugnadsbasert med ein stor frivilleg innsats for å legge til rette for alle brukargrupper.

I samband med samanslåinga til Vestland fylkeskommune vart ikkje eksisterande ordning frå Sogn og Fjordane med driftsstøtte til skianlegg vidareført og desse anlegga mista driftsstøtta dei hadde hatt gjennom mange år.

Sogn og Fjordane skikrins tok bortfallet av støtte opp med fylkeskommunen og det vart vist til andre støtteordningar ein kunne søkje på. Det viste seg at anlegga som det her er snakk om ikkje kom inn under den ordninga slik at bortfallet av fylkeskommunal støtte ikkje vart kompensert via andre ordningar etter fylkessamanslåinga.

Innretning på eventuell ny ordning

Vestland idrettskrets har innhenta informasjon frå begge skikretsane i fylket som stadfestar at her er fleire idrettslag med anlegg som tek eit tungt ansvar med tilrettelegging for fysisk aktivitet for alle aldersgrupper. Desse anlegga tilbyr oppkøyrd turløyper utover det idretten sjølv har behov for til sin trenings og konkurranseaktivitet.

Turløypene er eit særdeles viktig folkehelsetiltak der det er låg terskel for å delta. Dei idrettslagseigde anlegga der det meste er basert på dugnad både mht bygging, finansiering og drift tek her eit stort samfunnsansvar med tilrettelegging for fysisk aktivitet. Anlegga det her er snakk om er brukt både på dag og kveldstid og her er brukarar i alle aldersgrupper heilt frå små barn til eldre, både på dag og kveldstid.

Vestland idrettskrets oppmodar difor om at det vert innført ei støtteordning tilsvarende den ein hadde i gamle Sogn og Fjordane for Vestland fylke. I og med her er fleire anlegg i kategorien i det nye fylket bør ei slik støtteordning vere på minst kr 500.000,- til fordeling på 8-10 anlegg i Vestland.

Dersom det er ynskjeleg vil idretten sine organisasjonsledd kunne bistå på det praktiske med fastsetting av kriterium og tildeling.

Ordninga bør vere retta mot anlegg som tilbyr oppkøyrd turløyper av eit større omfang og den bør utelukkande vere tilgjengeleg for idrettslagseigde anlegg. Ein bør vurdere om ein skal vidareføre ordninga med at kommunen der anlegg som mottek fylkeskommunal støtte ligg i må bidra med tilsvarende støtte som fylkeskommunen for at ein skal kunne motta midlar frå ordninga.

Vi vonar at fylkeskommunen kan innføre ei ordning som skissert over med bruk av friske midlar til folkehelse.

Med venleg helsing
VESTLAND IDRETTSKRETS

Nils R Sandal (s)
Styreleiar

Knut Songve (s)
Organisasjonssjef